



Sak nr 1/2012

Møtedato: 6.2.12

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: 351.47

## Søknad frå Norsk Engelsksetterklubb om treningsområde

Norsk Engelsksetter Klubb v/distriktskontakt Herdis Unneland søker om løyve til vintertrening for fuglehundar i statsallmenningen den 3.-4.3 og 31.3-1.4. I tidlegare søknad har det ynskje om rimeleg eller gratis leige sidan dette er eit gratis tilbod om instruksjon til fuglejegeane.

Den 1.april statar bandtvang for hundar og trening føresettt dispensasjon frå kommunen, jf. § 9 i hundeloven.

I følgje hundeloven § 8 kan jakthundtrening, jakthundprøver og dressur berre skje med samtykke av grunneigaren eller den som har ein allmenn bruksrett til eigedomen. For statsallmenningane gir fjellstyret samtykke.

Fjellstyret krev kr 70,- pr startande hund for jaktprøve som NISK arrangerar og meiner det ikkje bør vera forskjellsbehandling av desse arrangementa.

## Vedtak:

Fjellstyret godkjenner søknaden på følgjande vilkår:

- 1.Dato: 3.- 4.3 og 31.3.-1.4.2012.
- 2.Areal: Vestre Slidre statsallmenning.
- 3.Slepp: Maksimalt 2 hundar lause på same tid.
- 4.Retur: Deltakarane skal følgje partiet under instruksjonen. det tillate at ei gruppe kan forlate partiet dersom ein representant frå klubben følgjer dei tilbake til parkeringsplassen. Retur langs veg blir rekna på lik line med retur i terrenget.
- 5.Rapport: Klubben pliktar å sende inn rapport til fjellstyret fyrst måndag etter prøva.
- 6.Pris: Kr 70 pr. startande hund, betalast inn til bankgiro 2153 07 04561 innan 14 dagar etter prøvedato.
- 7.Klubben pliktar å orientera distriktsveterinæren om jaktprøva etter gjeldande lovverk.
- 8.Klubben må innhente dispensasjon frå bandtvangsreglane og kopi av løyvet skal sendast fjellstyret til orientering.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 7.2.12

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Norsk Engelsksetter Klubb v/distriktskontakt Herdis Unneland  
Vestre Slidre kommune